



*RV sin visjon er eit sosialistisk samfunn som ikkje blir styrt med sikte på rikdom for dei få, men utifrå dei verkelege behova til folket og omsyn til økologi.*



*eit politisk  
talerøyr  
for folk flest*



*"Høyanger kommunestyre har som overordna mål å skape ein kommune med trivsel og tryggleik, der miljø og tradisjon vert teke vare på. I kommunen skal tilhøva leggjast til rette for sikre og framtidsretta arbeidsplassar, slik at ein opprettheld og vidareutviklar livskraftige nærmiljø. Kommunen skal ha eit livskraftig kommunesenter."*

*(Sitat frå eit samrøystes kommunestyrevedtak)*

## **KVA MED PRAKSIS?**

I praksis har det synt seg at dei politiske partia har ulike meiningar om korleis nå dette overordna målet. I konfliktsaker er meiningar så ulike at ein kan lure på om alle verkeleg ynskjer å skape ein "kommune med trivsel og tryggleik" og "sikre og framtidsretta arbeidsplassar".

Og: Er det mogleg å nå dei overordna måla om ein "kommune med trivsel og tryggleik" når kommunen;

- manglar økonomi til kva som helst utover det mest nødvendige
- går med eit økonomisk underskot på rundt 10 mill. kr
- er sett under statleg tilsyn og kontroll.

Og: Er det mogleg å nå dei overordna måla om ein kommune med "sikre og framtidsretta arbeidsplassar" når det er så stor uvisse omkring Hydro sine eigentlege planar?

## **RV STÅR PÅ KRAVA**

I denne korte presentasjonen av RV sin politikk kan du lese litt om kva vi meiner skal til for å skape ein kommune med "trivsel og tryggleik" og "sikre og framtidsretta arbeidsplassar".

### **Oppvekst**

Barnehage- og skuletilbodet er avgjerande viktig for både born og unge, og foreldra. Kvaliteten på tilbodet seier difor mykje om livskvaliteten i bygda, kommunen og samfunnet.

Samstundes er barnehagar, skular og SFO ein stor arbeidsplass. Totalkvaliteten er derfor også avhengig av at dei tilsette har gode sine arbeids- og lønstilhøve.

RV vil framleis arbeide for eit betre barnehagetilbod tilpassa ungane og foreldra sine behov:

- Barnehageplassar til alle
- Tilsetjing av barnehagekvalifisert personale
- Foreldrebetaling meir tilpassa faktisk betalingsevne.

RV vil framleis arbeide for eit desentralisert og pedagogisk best mogleg skuletilbod. Trivsel er avgjerande for læring og dette talar for heimenære skular. I dei fleste bygdelag spelar skulen også ei rolle utover undervising – den er eit kultursenter.

For RV er det likevel avgjerande at skulen er eit godt pedagogisk tilbod. Dette stiller krav om at:

- Skulen til ei kvar tid har tilgang på det beste av lærebøker og anna undervisningsmaterieil
- Skulen har tilstrekkeleg timerressursar til å kunne undervise og støtte den enkelte eleven på hans/hennar nivå
- Lærarar får betre moglegheiter for kurs og oppdatering

RV vil arbeide for at skulefritidsordninga (SFO) får tilbake dei ressursane som er nødvendig for å gje eit pedagogisk tilbod til fleire – ikkje berre dei yngste elevane.

## ***Ungdomsmiljø***

Høyanger, særleg tettstaden, har eit aukande rusproblem blant unge. Det er kanskje ikkje verre enn i andre tettstadar, men her har problemet heldigvis kome til overflata.

Viktigast førebyggjande arbeid er å legge til rette for at ungdom kan få vise at dei duger. Ungdomane må få ein stad der dei kan møtast i rusfrie omgjevnader. Eit sjølvstyrt ungdommens hus er eit slikt tiltak. Det førebyggjande arbeidet er også avhengig av meir ressursar – m.a. fleire miljøarbeidarar.

Politiet sine uroaksjonar mot narkotikamiljøet siktar mot å gjere bruken av narkotika meir vanskeleg, stressande og utrygt. RV meiner at politiet må få auka ressursar til både uroaksjonar og framfor alt til å ta bakmennene.

Dei som har hamna i narkotikahelvetet treng både avrusing, rehabilitering og ettervern. Desse tilboda må styrkast og det trengst ei betre samordning mellom ansvarsnivåa kommune, fylkeskommune og stat.

## ***Helsetenester og sosialomsorg***

RV vil gå inn for førebyggjande arbeid, dvs. eit arbeids- og fritidsmiljø som gjev helse- og sosialmessige forbetringar. Meir må innrettast på å gje folk moglegheit til å endre livssituasjonen og levemåten sin til det betre.

På den andre sida krev RV at det offentlege betalar kostnadane med å utbetre helseskadane som er påført og dei sosiale tiltaka som trengst. Dette må likevel ikkje bety at arbeidsgjevarane skal fri seg å betre arbeidsmiljøet og skaffe alternativt arbeid. RV er grunnleggjande mot privatisering fordi det er umoralsk at nokon skal tene pengar på helse og at tilbodet blir styrt av lommeboka.

RV vil at alle skal ha lik rett til helse og sosialomsorg. Vi vil derfor fjerne eigendelar som gjer at tilbodet varierer med lommeboka.

Manglane ved helsetenestene og sosialomsorga rammar ikkje berre den som treng tenester og omsorg. Den gjer at familiemedlemar, oftast kvinnene, må gjere ekstraarbeid – ubetalt eller underbetalt. Også difor meiner RV at det offentlege må ta ansvaret.

Helse- og sosialtilsette flest har både tungt arbeid og låg løn. RV vil derfor støtte kampen fagforbund/fagforeiningar fører for fleire stillingar og høgare løn.

Konkrete krav:

- Behovsretta evaluering av helse- og sosialplanen
  - o Er det nok sjukeheimsplassar i dag og i morgon?
  - o Er det nok omsorgsbustader i dag og i morgon?
  - o Er det nok stillingar i helse-/eldreomsorga?
- Ny vurdering av stiftingsmodellen
  - o Har kommunestyret tilstrekkeleg styring med ressursbruken?
  - o Er den ei fordekt og byrjande privatisering?

## ***Forsvar velferda – styrk kommuneøkonomien***

Oppsamla økonomisk underskot i kommunane i Sogn og Fjordane kom i fjor opp i 150 mill. kr. I vår la regjeringa fram sin plan for såkalla "kommunal valfridom". Den innebar at kommunane i fylket får 28 mill. kr mindre enn tidlegare rekna. Høyanger kommune miste knapt 1 mill. kr – noko som kjem i tillegg til eit underskot på rundt 10 mill. kr kvart av dei to siste åra.

Staten pålegg samtidig nye nødvendige tiltak innafor barnehagar, skular, helse- og sosialtenester, eldreomsorg osv.

Når økonomien ikkje strekk til, skuldar nedskjeringskåte sentrale politikarar på kommunalt overforbruk av ressursar. Lokalpolitikarane veit betre, men legg seg flate for statsmakta og vedtek nedskjeringar så "godt" dei kan – snart på oppvekst, snart på omsorg og snart på andre viktige område.

Då spør RV: Kven av dykk har opplevd at;

- barnehagar og skular har ytt for mykje overfor ungane dykkar?
- helsekøane er for korte?
- eldreomsorga har for mange sjukeheimsplassar og pleiarar?

Og vi spør: Kven av dykk kjenner ikkje til kommunalt tilsette som

- er frustrerte over ikkje å ha nok tid til den enkelte dei skal hjelpe (barnet, eleven, den eldre osv.)?
- er slitne av arbeidet sitt og legg igjen helse i kommunen fordi ressursane er for knappe?

RV krev difor stopp i ei utvikling der privat kapitalistisk rikdom og offentleg fattigdom utviklar seg side om side i eit samfunn som er rikare enn nokon gong. Vi krev ein politikk slik at born, sjuke og eldre blir prioriterte framfor nykapitalismen.

Det trengst eit kommunalt opprør mot staten anten den er regjert av borgarlege eller det som ein gong var Arbeidarpartiet. Kommunepolitikarar må seie frå om at omsynet til innbyggjarane og velferdssteneste er viktigare enn logring og lydnad overfor staten. Hittil har RV stått omtrent aleine om eit slikt syn, men med stiftinga av aksjon For velferdsstaten i 2002 skjedde det noko...

Aksjonen «For velferdsstaten» er ein historisk allianse mellom fagforbund, brukarorganisasjonar og andre organisasjonar for å styrke kampen mot aukande forskjellar i samfunnet, mot privatisering, sentralisering, deregulering og marknadsliberalisme og for ein sterk offentleg sektor. Nærmare 30 organisasjonar, med over ein million medlemar, står bak.

RV meiner at nedskjeringane i kommunal velferdsytning kan stoppast. Men berre ved at fagforeiningane og brukarane av tenestene står saman om krava til staten om betring av kommuneøkonomien og krava til kommunane om å nekte nedskjering. Det var folkeleg aksjon og demonstrasjon som pressa fram velferdsstaten og det er berre det same som kan redde den.

## *Hydro*

Hall C skulle vore nedlagt for mange år sidan pga. arbeidsmiljøet. RV stør difor utleppskrava frå SFT som gjer at hall C må nedleggast. Samstundes stiller vi krav til Hydro om å investere i ny hall B. Alternativet er at nedlegging av hall C tek med seg alle industriarbeidsplassar i bygda (resten av Hydro, Aker Kværner og truleg også Fundamus). Dermed er mest heile grunnlaget for både anna næring og kommunal tenesteyting borte.

RV meiner det er forkasteleg at staten ikkje stiller krav til Hydro om investeringar i ny hall B når ein annan del av statsapparatet, SFT, i praksis legg ned hall C. Det er særleg forkasteleg når staten faktisk er største enkeltaksjonæren i Hydro. Staten si manglande styring av Hydro er ein del av nyliberalismen. Det er ein ideologi som gjev kapitalkreftene fritt spelarom – fri flyt som det heiter på EU-språket.

På den andre sida vil hall B vere ei god investering for Hydro. Den har ei økonomisk inntening langt over Hydro sine interne krav (10 % inntening etter skatt). Dette gjer at Høyanger-samfunnet kan vinne kampen for ein ny hall B.

### RV krev at:

- Hydro må investere i ny hall B – det er ei investering som er bedriftsøkonomisk god og den mest fornuftige med tanke på både helse, miljø, lokalsamfunn, kommune og region
- Staten må bruke maktmidla sine - både eigarskapen og andre pressmiddel til å tvinge Hydro til investering
- Staten må oppretthalde/styrke industrikraftkontraktar som sikrar nok tilgang på kraft til konkurransedyktig pris
- Staten må sikre at "Høyanger-krafta" blir brukt lokalt til arbeidsplassar i staden for å bli seld/eksportert for profit.

## **SAMFUNNSUTVIKLINGA**

### *Våre dagar*

Kva er fellesnemnaren for ei samfunnsutvikling der

- Privat rikdom og offentleg fattigdom utviklar seg side om side
- Tidlegare offentleg ansvar/drift blir konkurranseutsett
- Helsetilbod som Florø, Lavik, Lærdal og Tronvik blir nedlagt
- Dramatisk auke i klasseskilje mellom dei nyrike og folk flest
- Bedrifter eksporterer kapital og arbeidsplassar
- Staten vrir seg unna å styre egne verksemdar; t.d. Hydro

Fellesnemnaren er at folkevalde organ gjev frå seg den avgrensa styringa dei hadde over kapitalen og som la det økonomiske grunnlaget for eit velferdssamfunn. Den avgrensa nasjonale styringa blir erstatta av at kapitalen styrer seg sjølv slik den vil og av internasjonale institusjonar som EU og Verdas Handelsorganisasjon (WTO). Dermed forsvinn det økonomiske grunnlaget for velferdssamfunnet.

## **Sosialismen**

Den erkekonervative britiske statsministeren Thatcher, som blei eit så sterkt førebilete for høgrefolk i alle land at også leiinga for sosialdemokratane tok etter, uttala at "There is no alternativ". RV derimot sluttar seg til den internasjonale antiglobaliserings-rørsla, som opp mot dette og den internasjonale storkapitalen, ropar ut at "Ei anna framtid er mogleg". RV sin visjon om denne framtida er eit sosialistisk samfunn som ikkje blir styrt med sikte på rikdom for dei få, men utifrå dei verkelege behova til folket og utifrå økologiske omsyn. Det er "høgt opp og langt fram" til eit sosialistisk samfunn. I mellomtida og som ein del av kampen for sosialisme, tek RV mål av seg å bli det fremste politiske talerøyrer for folk flest mot makta – anten makta er i Høyanger rådhus, Regjering/Storting, Norsk Hydro, Brussel eller Washington.

## **Høyanger kommunestyre**

RV har vore representert i Høyanger kommunestyre i 20 år (5 valperiodar). RV har skild seg ut fordi vi er det politiske partiet med mest avvikande meiningar og framlegg. I nedskjeringssaker og når siger i andre saker ikkje har stått på spel, har RV røysta mot og/eller hatt egne framlegg. I enkelte saker har RV i rein protest røysta mot.

I kanskje 95 % av sakene har RV røysta saman med "dei andre". Det er saker der eit samla kommunestyre står for noko som er til "det betre" for folk flest og det er saker som er upolitiske og nærmast uinteressante.

## **SLUTTAPPELL**

Spørsmålet som RV håpar veljarane stiller seg, er om dei framleis ønskjer

- eit parti i kommunestyret som vågar å skilje seg ut og protestere der veljarane har andre interesser og meiningar enn den samfunnsutviklinga og høgrevinden vi no har
- eit parti i kommunestyret som toler å stå åleine med eit nederlag i kommunestyret dersom det er for ei god sak.

Dei veljarane som vil ha eit slikt parti representert, har i realiteten berre eit val; Raud Valallianse.

*Førstekandidaten vår, Ottar Uglum, arbeider som mekanikar på Aker Kværner Industrielt Vedlikehald, Høyanger. Han har det meste av si organisasjonserfaring frå fagforeiningsarbeid (Kjemisk og Fellesforbundet), Høyanger Nei til EU og som leiar for Raud Valallianse både på fylkesplan og i Høyanger. Ved forfall har han vore møtande vararepresentant i både utvalet for oppvekst, kontrollutvalet og kommunestyret.*



*Andrekkandidaten vår, Einar Rysjedal, arbeider som miljøleiar ved Hydro Aluminium Høyanger. Han har møtt i Høyanger kommunestyre i 20 år og har sete ein periode i fylkestinget (1988-91). Han har 10 år bak seg som aktiv tillitsvalt i Kjemisk. I dag er han leiar for Høyanger Raud Valallianse, fylkessekretær i Sogn og Fjordane RV og fylkesleiar i Sogn og Fjordane Nei til EU.*



*Uglum og Rysjedal vil til saman merkast godt i kommunestyret dersom dei får di røyst.*

**RAUD VALALLIANSE SI LISTE VED KOMMUNEVALET 2003**

1	Ottar Uglum	industriarbeidar
2	Einar Rysjedal	miljøleiar
3	Randi Aven	hjelpeleiar
4	Arild Ullebø	industriarbeidar
5	Eli Gudvangen	sjukeleiar
6	Jan Sæbø	industriarbeidar
7	Arne Søggen	arbeidar
8	Kay-Ole Aven Ullebø	skuleelev
9	Per Martin Gudvangen	industriarbeidar
10	Arvid Løland	styrmann
11	Magnar Wøien	adjunkt
12	Per Helge Vangsnes	elektrikar
13	Rita Kvamme	arbeidsformidlar
14	Siv Kvamme	førskulelærer
15	Svein-Rune Moi	miljømedarbeidar
16	Vidar Grimelid	arbeidsleiar

***Fylkestingsvalet:***

Vi oppmodar alle om at dei også stemmer RV ved fylkestingsvalet. Tittelen på fylkesprogrammet er For ein sterk offentleg sektor, mot privatisering og økonomisk globalisering, men inneheld også våre standpunkt om andre saker; mot straumkrisa, for arbeidsplassane og mot EU/EØS.

Dei fem første på fylkeslista er:

Hans Jakob Reite, Førde  
 Trine Nylehn, Leikanger  
 Ottar Uglum, Høyanger  
 Astrid Kalstveit, Førde  
 Kristian Kronholm, Leikanger

**Kontakt:**

Ottar Uglum, Hålandslia, 6993 HØYANGER.  
 Tlf. 57 71 29 21 (p) eller 47 05 05 71 (m)  
 E-post: ouglum@c2i.net

Einar Rysjedal, Gunnar S. veg 4D, 6993  
 HØYANGER.  
 Tlf. 57 71 25 90 (p) eller 57 71 53 60 (a).

Heimeside:

[www.sogn.og.fjordane.rv.no/Hoyanger/](http://www.sogn.og.fjordane.rv.no/Hoyanger/)

